




Kompendium kapitalbehov og finansiering

Innhald

Kapitalbehov og finansiering	1
Omløpshastighet.....	2
Repetisjon bruttofteneste og avanse.....	2
Klassifisering av balansepostar	3
Finansieringsplan	5
Finansieringsanalyse	5
Tiltak for å betre finansieringa	6



Kapitalbehov og finansiering

Kapitalbehov

Kapitalbehovet er kor mykje pengar den som skal etablere ny verksemd eller utvide eksisterande verksemd, treng for å starte opp eller utvide. Kapitalbehovet skal dekkje likvide middel, varebeholdning, kundefordringar, inventar og innreingar, maskinar og liknande. Kapitalbehovet finn vi på egedelsida i balansen.

Finansiering eller kapitaldekning

Finansieringa viser korleis den som skal starte ny verksemd eller utvide eksisterande verksemd, planlegg å skaffe seg pengane (kapitalbehovet). Kapitalbehovet blir finansiert med eigenkapital og lånt kapital (kassekreditt, leverandørkreditt – kortsiktig gjeld, pantelån, gjeldsbrevlån – langsiktig gjeld). Finansieringa finn under eigenkapital og gjeld i balansen



Omløpshastigheit

Omløpshastigheit varelager

Omløpshastigheita for varelageret er så mange gonger varelageret blir omsett per år.

$$\text{Omløpshastigheit}_{\text{varelager}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Gjennomsnittleg lagringstid}}$$

$$\text{Omløpshastigheit}_{\text{varelager}} = \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Gjennomsnittleg varelager}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{lagringstid}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Omløpshastigheit varelager}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Omløpshastigheit varelager}}$$

Omløpshastigheit kundefordringar

$$\text{Omløpshastigheit}_{\text{kundefordringar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Gjennomsnittleg kredittid}}$$

$$\text{Omløpshastigheit}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{Kredittsal m. mva.}}{\text{Gjennomsnittleg kredittid}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kredittid}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Omløpshastigheit kundefordringar}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{Kredittsal m. mva.}}{\text{Omløpshastigheit kundefordringar}}$$

Repetisjon bruttofteneste og avanse

$$\begin{aligned} & \text{Salsinntekter} \\ & - \text{Varekostnader} \\ & = \text{Bruttofteneste / avanse / dekningsbidrag i kroner} \end{aligned}$$

Kjært barn har mange namn er det noko som heiter. Bruttofteneste, avanse og dekningsbidrag er det same beløpet i kroner. Skilnaden kjem når vi reknar i prosent.

Bruttofteneste og dekningsbidrag (DB) i prosent reknar vi i prosent av salsinntekta, mens avanse i prosent reknar vi i prosent av varekostnader.

Døme

Salsinntekter	kr 5 000 000
- Varekostnader	kr 4 000 000
= Bruttofteneste / avanse / dekningsbidrag:	kr 1 000 000

Bruttofteneste og dekningsbidrag i prosent: $\text{kr } 1\,000\,000 / \text{kr } 5\,000\,000 \cdot 100 = \underline{20\%}$

Avanse i prosent: $\text{kr } 1\,000\,000 / \text{kr } 4\,000\,000 \cdot 100 = \underline{25\%}$



NB!

Dersom vi har oppgitt salsinntekta og avansen i prosent, kan vi finne varekostnaden ved å dele på

$1 + \text{avansen}$.

Varekostnad: kr 5 000 000 / 1,25 = kr 4 000 000

Meirverdiavgift

Dersom tala er oppgitt utan mva. og ein skal komme fram til tal med mva., gongar ein tala utan mva. med 1,25 (dersom mva. er 25 %).

Dersom tala er oppgitt med mva. og ein skal komme fram til tal utan mva., deler ein tala med mva. på 1,25 (dersom mva. er 25 %).

Formlar:

Salsinntekt m. mva. = Salsinntekt u. mva. $\cdot (1 + \text{mva.})$

Mva = $x \% / 100 \%$

Varekostnad = $(1 - \text{bruttoforteneste}) \cdot \text{salsinntekt (STI)}$

Bruttoforteneste = $x \% / 100 \%$

Varekostnad = $\frac{\text{Salsinntekt (STI)}}{(1 + \text{avanse})}$

Avanse = $x \% / 100 \%$

Salsinntekt u mva. = $\frac{\text{Salsinntekt m. mva.}}{(1 + \text{mva.})}$

Mva. = $x \% / 100 \%$

Klassifisering av balanseposter

Eigedelar





Eigedelane blir delte inn i:

- **Anleggsmiddel**

Anleggsmiddel er eigedelar som har lang varigheit, som vi i alle fall har eller bruker i meir enn eitt år. Dette kan vere bygningar, bilar, maskinar, inventar, verktøy osv.

- **Omløpsmiddel**

Omløpsmiddel er eigedelar som har kortare varigheit. Det er noko som vi bruker og skaffar nytt av på mindre enn eitt år. Det kan vere kundefordringar (kundar som handlar på kreditt slik at vi får pengane til dømes ein månad etter at vi har selt vara), varebeholdning (varer blir selde og går ut av lager og nye blir kjøpte inn), bankinnskot (pengar går inn på konto og ut av konto) og kontantar (pengar går ut av kassa, og nye kjem inn i kassa heile tida).

Eigenkapital og gjeld



Eigenkapital og gjeld blir delte inn i:

- **Eigenkapital**

Eigenkapital er dei pengane eigarane sjølve har starta opp med i bedrifta, pluss den delen av overskotet som eigarane tilfører bedrifta (ikkje tek ut som utbytte). Eigenkapitalen og eigenkapitalprosenten skal helst auke slik at bedrifta får meir å gå på i tilfelle dårlege tider.

- **Langsiktig gjeld**

Langsiktig gjeld er lån med lang løpetid, til dømes 5–20 år, oftast med pant i anleggsmiddel som bygningar og bilar. (Banken krev som oftast sikkerheit for lånet med eit pant). Ein har «lang» tid på å betale ned lånet.

- **Kortsiktig gjeld**

Kortsiktig gjeld er gjeld som skal betalast innan eitt år, til dømes leverandørgjeld (kjøper varer og skal betale dei til dømes etter 1 månad) og kassekreditt. Kassekreditt er bankkontoen til bedrifta som ein til dømes har lov å trekkje kr 100 000 i minus. Kor mykje ein bruker av kassekreditten, vil variere.




Finansieringsplan

Arbeidet med å utvikle ein god finansieringsplan for nye prosjekt dreier seg om å finne:

1. Ein god finansieringsstruktur
2. Finansieringsmåtar med lågast moglege finansieringskostnader

Finansieringsstruktur

Vi ser på hovudpostane i balansen:



Finansieringsanalyse

Finansieringsanalysen går ut på å undersøkje om bedrifta har finansiert eigedelane på ein fornuftig måte.

Utrekningar

$$\text{Eigenkapitaldel \%} = \frac{\text{Sum eigenkapital}}{\text{Sum totalkapital}} \cdot 100$$

$$\text{Langsiktig kapital (LK)} = \text{eigenkapital (EK)} + \text{Langsiktig gjeld (LG)}$$

$$\text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}}$$

$$\text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Gjennomsnittleg leverandørgjeld}}$$

$$\text{Gjennomsnittleg kredittid}_{\text{leverandørar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Omløpshastighet}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Omløpshastighet leverandørgjeld}}$$

$$\text{Ønskt eigenkapital} = \text{Totalkapital} \cdot \text{Krav til eigenkapital}$$

$$\text{Arbeidskapital (AK)} = \text{Omløpsmiddel (OM)} - \text{Kortsiktig gjeld (KG)}$$

$$\text{Arbeidskapital (AK)} = \text{Langsiktig kapital (EK + LG)} - \text{Anleggsmiddel (AM)}$$

$$\text{AK i prosent av varelageret} = \frac{\text{AK}}{\text{Varelager}} \cdot 100$$



$$\text{Likviditetsgrad 1} = \frac{\text{Omløpsmiddel}}{\text{Kortsiktig gjeld}}$$

$$\text{Likviditetsgrad 2} = \frac{\text{Omløpsmiddel} - \text{Varelager}}{\text{Kortsiktig gjeld}}$$

Krav til finansieringa:

- 1) Langsiktig kapital bør finansiere 50 % av omløpsmidla og 100 % av anleggsmidla. Langsiktig kapital bør i alle fall finansiere varelageret pkt. 4.
- 2) Eigenkapital % bør vere 35 % av totalkapitalen. Det vil seie at bedrifta minimum er finansiert med 35 % eigenkapital og 65 % gjeld.
- 3) Det er også ønskjeleg at omløpsmidla er dobbelt så store som kortsiktig gjeld. Det vil seie at likviditetsgrad 1 er 200 %.
- 4) Det er også ønskjeleg at likviditetsgrad 2 er 100 %. Det vil seie at omløpsmidla – varelager = kortsiktig gjeld. Det er det same som at langsiktig kapital finansierer heile varelageret i tillegg til alle anleggsmidla.
- 5) Arbeidskapitalen skal vere positiv. Arbeidskapitalen skal minimum vere 50 % av varelageret, helst 100 %. Ved 100 % vil det seie at langsiktig kapital finansierer alle anleggsmidla og heile varelageret. Over 100 % vil seie at langsiktig kapital finansierer meir av omløpsmidla enn varelageret.

Tiltak for å betre finansieringa

- Tilføre bedrifta eigenkapital, anten ved tilføring av kapital frå eigarane eller betre resultatet ved å auke inntektene og redusere kostnadene.
- Få finansiert meir av anleggsmidla med langsiktig gjeld for å betre forholdet mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.
- Redusere varelageret, redusere anleggsmiddel dersom det er mogleg o.l. Her må ein sjå på balansen kva som er mest tenleg.
- Dersom det er vanskeleg å få til ei god finansiering, kan ein også redusere kapitalbehovet, redusere kapitalbindinga i varelager og kundefordringar, selje anleggsmiddel osv.

Finansieringskostnader

Eigenkapitalkostnaden

Eigenkapitalkostnaden =

Avkastning ved alternativ plassering av kapitalen + godtgjering for risiko

Lånekostnader

Effektiv rente gir eit korrekt grunnlag når vi skal samanlikne ulike låneformer. Med denne renta tek vi omsyn til kostnader som eingongsgebyr, termingebyr osv. Vi kan rekne ut den effektive renta ved hjelp av rekneark.



$$p = (1 + q)^m - 1$$

q = renta per periode (månad, kvartal, halvår)

m = kor mange periodar i året:

Halvårleg $m = 2$

Kvartal: $m = 4$

Kvar månad: $m = 12$

Langsiktig gjeld er lån med lengre nedbetalingstid enn eitt år. Vi skil mellom:

- Serielån er lån der avdraga er like store i kvar periode. Etter kvart som lånet blir nedbetalt, blir renta lågare.
- Annuitetslån er lån der renter og avdrag til saman utgjer ein like stor sum ved kvar betaling. Avdraga veks for kvar gong, mens rentene blir tilsvarende mindre etter kvart som lånet blir nedbetalt.

Andre finansieringskostnader:

- Kostnader ved faktoring (sel kundefordringane til eit faktoringsselskap som krev inn pengane)
- Leasing (leige av anleggsmiddel i staden for å kjøpe)

Desse to finansieringsformene frigjer kapital sidan det reduserer kapitalbehovet, men kostar pengar.